

Årsmøte - Innkalling

Måndag 22. februar 2016 klokka 18:00

i Sunnivasalen på Selje Hotel

Saker

1. Årsmelding
2. Rekneskap
3. Fastsetjing av
 - a. Årlig medlemskontingent
 - b. Størrelse på andelar
 - c. Frikjøp dugnad
 - d. Prisar ved slipping
 - e. Strømvavgift
4. Budsjet
5. Val
 - a. Leiar
 - b. Styremedlemmar
 - c. Varamedlem til styret
 - d. Revisorar
 - e. Valnemnd
6. Saker frå styret

Servering

Enkel servering. Laget betaler.

Styret kjem til å leggje fram desse sakene til årsmøtet:

A. Framlegg til endring av vedtektene:

Prinsippet om at plasseigar eig halvparten av utriggarane på kvar av sidene på båsen må stå fast. Standard plass skal ha gangbar utriggar på ei side, og fortøyningsbom på andre. Der plasseigarane har erstatta fortøyningsbommen med gangbar utriggar, skal prisen for plassen avspegle det. Det skal derfor opprettast eiga priskategori for plass med gangbar utriggar på begge sider. Dette gjerast ved å legge til 5000 kr på opprinneleg pris.

Paragraf 3, punkt **Andelsinnskot** vert derfor slik:

	6 m gangbar uttrigger + fortøyningsbom	6 m gangbar uttrigger på begge sider	8 m gangbar uttrigger + fortøyningsbom	8 m gangbar uttrigger på begge sider
Brygge A og B, standard 3,5 m bredde	40.000	45.000	45.000	50.000
Brygge C, standard 3,0 m bredde	38.000	43.000		

Plass med utriggar på ei side: 20.000

Gjeldande pris for avvikande breddemål på båtplassane er 1.000 kroner per 25 cm. Vedtektene mangler informasjon om dette. Dermed vert heller ikkje denne summen prisjustert. Årsmøtet bør vurdere denne prisen kvart år saman med storleiken på andelsinnskott.

Styret ber derfor årsmøte om å vedta å ha med eit punkt om pris på avvikande breddemål på plassane under **paragraf 3 Medlemskap, avsnitt Andelsinnskott**.

B. Framlegg til endring av vedtektene:

Paragraf 6 **Medlemsplikter** vert endra slik:

Noverande tekst:

1. Alle som har kjøpt andelar i hamna pliktar å betale årlig medlemskontingent. Årlig medlemskontingent vert fastsett av årsmøtet i Holmavika hamnelag.

Ny tekst:

1. Alle som har kjøpt andelar i hamna pliktar å betale medlemskontingent. Årlig medlemskontingent vert fastsett av årsmøtet i Holmavika hamnelag. Styremedlemmane er fritekne for årsavgift.

C. Framlegg til endring av vedtektene:

§11 Framleige av båtplassar

Noverande ordlyd:

1. Framleige/lån av båtplass i meir enn ein månad skal godkjennast av styret. Eigar er ansvarleg til å melde utleige til styret.
2. Utleige av plassar skal skje i samsvar med punkt 3 i paragraf 10 i vedtektene.

Ny ordlyd:

1. Framleige/utlån av båtplass skal skje gjennom styret.
2. Plasseigar må avtale leigeperiode med styret.
3. I leigeperioden er plasseigar friteken for årsavgift, dugnad og vedlikehald av utriggarar.

4. Utleige skal skje i samsvar med ventelister for leige av båt plass og skal administrerast av styret.
5. Årsløigen skal vere 10 % av plassens verdi og går til hamnelaget. Minste leigeperiode er ein månad og betalast med 1/12 av årsløigen.
6. Dersom det ikkje finst leigar eller når ein leigeperiode er over, går plassen automatisk tilbake til plasseigar.

D. Framlegg til vedtak:

Planlegging av lagshus i hamna

Årsmøtet gjev styret i oppdrag å lage plan for oppsetting av ei oppholdsbrakke i hamna. Plan med kostnadsberekning skal leggjast fram for neste årsmøte.

Vel møtt!